

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Susanne Christensen	FE - 150, FE - 145	18/2540

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
53/2018	Ungdomsrådet	PS	29.11.2018

Framlegg til budsjett 2019 og økonomiplan 2019 - 2022

Vedlegg:

Orientering og offentlig ettersyn rådmannen sitt framlegg budsjett
Rådmannen sitt framlegg budsj 2019 - 7 nov 2019
Framlegg øk-plan 2019-22 - oppd 7. nov 2018
Budsjett 2019 - Framlegg frå rådmannen - Oppdatert 07.11.2018

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det er sendt ut revidert budsjett for 2019 og økonomiplan 2019-2022. Formannskapet skal behandle saka 28/11/18. Ungdomsrådet vil komme med innspel til formannskapet sitt budsjettframlegg.

Vurdering

Konklusjon

Framlegg til vedtak:

Ungdomsrådet - 53/2018

UR - behandling:

Personal og organisasjonssjef Kari Ann Iversen orienterte ungdomsrådet, eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Deretter fekk ungdomsrådet utdelt powerpoint "Driftsbudsjett 2019", som tidlegare har vert brukt av formannskapet. Ungdomsrådet brukte denne for å komme med innspel til styrking av skulane.

UR - vedtak:

Ungdomsrådet er positive til at ein ikkje endrar skolestrukturen, legg ned rom på sjukeheimen og at eindomsskatten ikkje aukar. Ungdomsrådet er positive til generell styrking av skulane og har følgende innspel:

Grasdal

- styrke sekretærressurs om mogleg.

Meland ungdomsskule

- Styrke tilbud om spesialundervisning
- Alle klassetrinn må ha tilbud om kroppsøving.

Meland ungdomsskule og vaksenopplæringa

- Det er dumt å legge ned trivselsprogrammet.
- Kantina er viktig for helse og trivsel. For å opprettholde kantina kan man vurdere utplassering fra Nav eller elevarbeid gjennom til dømes faget «Arbeidslivsfag».
- Skoleutflukter gir nødvendige avbrekk og styrker klasse miljøet.

Sagstad

- Følgje opp behovet for ny 100% lærarstilling.
- Barn fra 1.-4. klasse er lenge på SFO og må ha tilbud om matsservering.